Referat frå styremøte i Stavanger Bordtennisklubb 27.04.2015

Stad: Stavanger idrettshall, Møterom 2

Til stades: Trond Skeie, Michael Nickel, Radoslaw Wincza, Roy Høyland og Roald Lygre

Referent: Roald Lygre

Sak 1/2015-16 Konstituere nytt styre

Sidan dette var første styremøte etter årsmøtet vart verv og oppgåver fordelt:

Styremedlem med ansvar for utstyr: Trond

Kasserar: Michael

Nestformann og sportsleg ansvarleg: Roy

Formann: Roald

Styremedlem: Radek

Sekretærjobben vil gå på omgang.

Sak 2/2015-16 Sportsleg/Lag i serien

Me stiller eit lag i 1. divisjon og eit i 3. divisjon. Lag i 4. og 5. bestemmer me til hausten. Roy informerer forbundet om at me trekkjer det eine laget i 3. divisjon.

Sak 3/2015-16 Treningar/trenarar

Klubben har fått tildelt dei same treningstidene som i år: Måndag/Tysdag 18-20, torsdag 19-21. Radek tek seg av dei yngste pluss dei vaksne som vil ha trening. Roald hjelper til på tysdagar.

Roy/Trond/Michael tek seg av utviklingsgruppa.

Frå neste sesong er det ikkje sikkert me kan ta oss av dei vaksne, dette må me sjå på når me planlegg neste sesong.

Radek reiser for å studera i slutten av september.

Sak 4/2015-16 Treningar resten av sesongen

Me (Roald) har gløymt å søka om sommartrening, dvs. trening frå 1. mai.

Me må avlysa treningane første veke i mai, så sjekka med vaktmester om det er nokon andre som ikkje brukar treningstida si.

Roald sender ut e-post til alle aktive om status.

Trond følgjer opp med vaktmester om det er nokon som ikkje brukar treningstidene sine.

Sak 4/Halltider til neste sesong

Me søker om to hallar to helger til seriespel. November/Desember og Mars. Roald legg inn søknad innan fristen, som er 6. mai.

Sak x/2015-16 Økonomi

Søknad frå Henning Finstad til reise til Veteran-NM: Avslått.

Søknad om støtte til overnatting for Ole Andreas Finstad i samband med serierunde i 3. divisjon i Bergen (han måtte trø inn som reserve på grunn av sjukdom): Me dekker overnattinga for han mot kvittering.

Klubben vil gje utvida støtte til Radek sidan det blir meir arbeid som trenar no framover når Carles har slutta: Me betalar han kr 2500 ekstra for resten av sesongen.

Sak x/2015-16 Sommaravslutning

Me skal ha sommaravslutning siste treningsdag. Satsar på pizza og brus på Hanssons Minde.

Neste styremøte: Mandag 25 mai. Tema for møtet: Planlegging neste sesong.